

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 24. mai 2019 09:58
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 20/2019, 24. MAI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 20/2019, 24. MAI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

KYST-FRILUFTSLIV: 40 ÅR PÅ YKSNØYA

Avdeling for kulturfag har i 40 år nytta Yksnøya som base for undervisning og forskning på kystfriluftsliv. Dette vert markert i dag fredag 24. mai med ei samling på Yksnøya med ca 40 tilsette og studentar. Dei tilreisande reiser til Yksnøya med båt både frå Volda sentrum, Berkneset og Eiksund.

NASJONAL SPØRJEUNDERSØKING OM TRAKASSERING: SVARFRIST 31. MAI

Høgskulen i Volda deltek i Universitetet i Agder (UIA) si nasjonale undersøking av omfang på mobbing og trakassering i høgskule- og universitetssektoren. Kartlegginga blir gjennomført gjennom spørjeskjema til alle tilsette på institusjonane som deltek i undersøkinga. Tilsette fekk e-post med invitasjon til deltaking 20. mai og svarfristen er 31. mai. Resultata blir offentleggjort til hausten.

INTERNASJONALT SYMPOSIUM I JOURNALISTIKK 17. JUNI

Avdeling for mediefag arrangerer det faglege symposiet "Professional and Peripheral News Workers and the Shifting Importance of Platforms" 17. - 20. juni. Symposiet opnar på Høgskulen i Volda 17. juni og flyttar deretter til Loen. Symposiet samlar fleire av dei fremste journalistikkforskarane i verda, med nederlanderan Mark Deuze i spissen. Dei to andre hovudinnleiarane er ei komande stjerne frå Singapore: Edson Tandoc Jr. Og frå Finland Laura Ahva. Rundt 25 deltakarar frå heile verda vil diskutere utfordringar for journalistikk og nyhendeproduksjon ved å legge fram innlegg (paper) og andre bidrag. Her er detaljert program:

<https://www.hivolda.no/forskning/forskningsgrupper/symposium-media-professions-and-society/preliminary-programme-symposium>

MERKEVAREMÅLING: HØGSKULEN I VOLDA ER EIN VELKJENT HØGSKULE

Høgskulen i Volda er langt meir kjent enn storleiken skulle tilseie. Og HVO held denne stillinga som ein nasjonalt sett velkjend høgskule på Sentio si måling «Merkevaretracker» blant universitet og høgskular. Den siste undersøkinga frå mai 2019 viser at etter somme mål så er Høgskulen i Volda faktisk meir kjent enn somme langt større universitet og vitskapelege høgskular. Etter eitt mål så har Høgskulen i Volda aldri tidlegare vore så kjent som i dag. Totalinntrykket av høgskulen er også klart positivt. Resultat av slike undersøkingar varierer ein del, men det er kjekt med gode tal. Kontor for kommunikasjon kan gi meir informasjon til dei som er særleg interesserte.

HVOS MILJØREKNESKAP FOR 2018

Høgskulen i Volda er miljøfyrtårn og skal som ein del av det levere eit årleg miljørekneskap. Rekneskapet for 2018 er no klart og vi har nedgang i straumforbruk, mindre papirforbruk og sterk auke i kjeldesortert avfall. Samstundes kjem HVO med målsetjingar for neste år. Då skal mellom anna skifte til LED-lys føre til mindre energibruk i alle husa. Det vert også viktig å legge betre til rette for sykkelbruk og kollektivtransport.

<https://www.hivolda.no/nyhende/miljorapport-2018-nedgang-energiforbruket-ved-hvo>

PENSUMLISTER FOR HAUSTEN 2019: MANGE INNE - EIN DEL MANGLAR

Som for dei siste åra var 15. mai frist for å få på plass pensumlister for hausten 2019. Nedanfor står nettside med oversyn over pensumlister. Emne med innkomne pensumlister er markerte med lenke til pensumliste. Det er i tillegg ca 60 pensumlister som er sende frå fagansvarlege og er i ferd med å verte tilrettelagt. Det er veldig bra at mange

pensumlister alt er inne og at dei aller fleste listene no er laga Leganto! Det gir lett og rask tilgang for studentar og tilsette og gjer vonleg også at det blir mindre feil og tvil i pensumlistene - altså i sum: Betre kvalitet.

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/pensumlister/pensumlister-2019-host>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

25.5.2019: Storbandtreff i Volda. <https://www.hivolda.no/kulturfag/storbandtreff-2019>

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

21.6.2019: Semesteravslutning ASH

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

